

	<b>SYSTEMREVISJON</b>	<b>KONTROLL</b>
	ved	<b>NR</b>
	<b>STORD KOMMUNE</b>	<b>2002/0003</b>

<b>Adresse:</b>	<b>Postboks 304 5402 Stord</b>	<b>Arkivkode:</b>	<b>02/08708 461.31</b>
<b>Utslippsløyve av:</b>	<b>01.02.95</b>		
<b>Tidsrom for revisjonen:</b>	<b>11-12.06.02</b>	<b>Revisjonsgruppe:</b>	<b>Kjell Kvingedal Sissel Storebø</b>
<b>Kontaktperson i kommunen:</b>	<b>Odd Magne Agdestein</b>		

**Revisjonen omfatta følgjande emne:**

- Målsetting og internkontroll for det ytre miljø med vekt på avløp
- Reinseanlegg
- Leidningsnett
- Overløpsdrift

**Samandrag av resultater:**

Det vart avdekka 3 avvik under revisjonen:

- Stord kommune har manglar ved internkontrollen for ytre miljø
- Utsleppskontrollen er ikkje i samsvar med utsleppsløyve
- Avvik ved Kårevik silanlegg er ikkje utbetra i samsvar med avviksmelding

Det vart gjort 2 merknader.

**Utarbeidd dato:**

**Godkjent dato:**

Sissel Storebø  
Overingeniør

Kjell Kvingedal  
Seksjonsleiar miljøvernafdelinga

## **Innhald**

1. Innleiing
2. Dokumentunderlag
3. Omfang
4. Avvik
5. Merknader
6. Andre forhold
7. Gjennomføring

## **Vedlegg:**

- Vedlegg 1: Dokumentunderlag for revisjonen
- Vedlegg 2: Omfanget av tilsynet
- Vedlegg 3: Deltakarar ved tilsynet

## 1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter ein systemrevisjon for ytre miljø i Stord kommune i perioden 11-12.6.02. Revisjonen inngår som ein del av fylkesmannen sin planlagte revisjonsprogram for inneverande år. Revisjonen fokuserer på etterleving av krav, og rapporten gjer greie for eventuelle avvik og merknader som vart avdekka under tilsynet. Rapporten gjev ingen fullstendig tilstandsvurdering av kommunen sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Målet med revisjonen var å vurdere om Stord kommune har ein tilfredsstillande styring med aktivitetar og utstyr som har verknad for det ytre miljø. Det vart særleg sett på område som har verknad for utslepp av avløpsvatn. Revisjonen omfatta mellom anna undersøking om :

- kommunen sin internkontroll innanfor nemnde område er føremålstenleg og dekkande
- aktivitetar vert utført slik dei er dokumentert og uttalt
- kommunen når sine mål og driv si verksemd innanfor eigne ramme og dei rammene som styresmaktene har sett

Revisjonen vart gjennomført ved gransking av dokument, ved intervju av sentralt plasserte personar i organisasjonen, og ved verifikasjon av at rutiner, prosedyrar og instruksar vart følgd opp i praksis. Rapporten omhandlar avvik og merknader som er avdekka under revisjonen.

- AVVIK vert definert som brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og tryggleikslovgevinga.
- MERKNAD vert definert som: eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik.

## 2. Dokumentunderlag

Dokumentunderlaget for revisjonen var :

- Aktuelle lover og forskrifter
- Utsleppsløyve for kommunalt avløpsvatn av 01.02.95
- Kommunen sin eigen dokumentasjon knytt til den daglege drift og forhold av verdi for det ytre miljø

Særleg viktige dokument for gjennomføring av revisjonen er lista opp i vedlegg 1.

## 3. Omfang

Omfanget av fylkesmannen sin revisjon er nærare omtalt i vedlegg 2.

Fylkesmannen har ikkje vurdert andre forhold ved kommunen si verksemd.

## 4. Avvik

Følgjande avvik vart avdekka under revisjonen:

### Avvik 1

#### **Stord kommune har manglar ved internkontrollen for ytre miljø.**

Avvik frå § 5, pkt. 1-8 i Forskrift om systematisk helse- miljø, og sikkerhetsarbeid i virksomheter av 01.01.97.

#### **Kommentarar**

Gjeldande HMT-del for vatn og avløp er frå 1996, og er no under revisjon. Revisjon av internkontrollen er difor avgrensa til det overordna HMT-systemet og eit utkast til føretakssystem for tenesteeining Drift og vedlikehald i Stord kommune av 18.02.02.

- Stord kommune sin målstruktur for avløpssektoren er ikkje dokumentert innarbeid og utøvd i internkontrollen. Mål for ytre miljø er fastsett i ulike dokument, som kommunedelplan for avløp, målstyringsdokument til økonomiplanen og i føretakssystemet for drift og vedlikehald. For å sikre resultatforbetring for ytre miljø krev dette operasjoniserte mål med handlingsplan.
- Det er ulik forståing av avvik i kommunen. Dette påverkar om avvik vert handsama som teknisk svikt, rapportert til HMT-konsulenten eller rapportert til politisk eller administrativ leiing. Dette kan gje ulik praksis for avviksrapportering.
- Utsleppsløyve for kommunalt avløpsvatn frå fylkesmannen av 01.02.95 er ikkje alminneleg kjent i kommunen.
- Kommunen har ikkje vurdert risiko og kartlagt farer, og på denne bakgrunn utarbeidd ein beredskapsplan for dei aktivitetar og installasjonar som kan medføre fare for forureining av ytre miljø.

### Avvik 2

#### **Utsleppskontrollen er ikkje i samsvar med utsleppsløyve.**

Avvik frå pkt. 1.3 Forureiningsmengde og pkt. 1.4 Krav til rensing av avløpsvatn, vedlegg 2, i utsleppsløyve av 01.02.95

#### **Kommentarar**

For å ha oversikt over reinseanlegga sin reinseeffekt må måling av slammengde og tørrstoffmengde vere ein del av driftskontrollen. Reinseanlegga skal halde tilbake ein slammengde tilsvarande 50 g slam/døgn og person med 20 % tørrstoff.

Driftsovervakinga registrerar driftsfrekvens og driftstid på pumpestasjonar og reinseanlegg. Stord kommune har ikkje oversyn over tilførte avløpsmengder til avløpssystemet. Driftsovervakinga vil gje eit godt grunnlag for å rekne ut kva avløpsmengde som vert tilført avløpssystemet.

### **Avvik 3**

#### **Avvik ved Kårevik silanlegg er ikke utbetra i samsvar med avviksmelding.**

Avvik frå § 7 i Forureiningslova og pkt 1.4 i Utsleppsløyve for kommunalt avløpsvatn av 01.02.95

#### **Kommentarar**

Fylkesmannen fekk i brev dagsett 27.06.00 melding om avvik for Kårevik silanlegg. Anlegget havarerte og nytt anlegg vart planlagt bygd og skulle vore i drift våren 2001. Anlegget er framleis ikkje bygd

## **5. Merknader**

Følgjande merknader vart avdekka under revisjonen :

### **Merknad 1**

**Rapportering av avløpsdata i KOSTRA er mangelfull.**

### **Merknad 2**

**HMT-arbeidet er lite synleg i årsmeldinga for Stord kommune 2001.**

## **6. Gjennomføring**

Revisjonen omfatta følgjande aktivitetar:

### **Innleiande møte 30.05.02**

Informasjon frå fylkesmannen om gjennomføring av revisjonen.  
Synfaring på Frugarden reinseanlegg og ved utsleppet Leirvik Sør.

### **Formøte og intervju 11-12.06.02**

6 personar vart intervjuet.

### **Oppsummerande møte 12.06.02**

Oppsummering med presentasjon av resultata.

I vedlegg 3 er det gitt ei oversikt over deltakarane på revisjonen.

**VEDLEGG 1****Dokumentasjonsunderlag for fylkesmannen sin revisjon****Oversyn over dokument som vart lagt til grunn for fylkesmannen sin revisjon.**

---

Nedanfor er lista opp dokument som var av særleg viktig som dokumentunderlag for revisjonen.

1. Forureiningslova
2. Forskrift om internkontroll
4. Internkontrolldokumentasjon for Stord kommune
5. Utsleppsløyve for kommunalt avløpsvatn av 01.02.95
6. Kommunedelplan for avløp 1998-2009

**VEDLEGG 2****Omfang av fylkesmannen sin revisjon****Oversyn over emne revisjon omfatta.**

---

For fylkesmannen var ei forventning til målretta styring utgangspunktet for alle emna som vart tatt opp med Stord kommune. Målretta styring kan t.d. gjerast greie for gjennom generelle funksjonar som å:

- Fastsette mål
- Planlegge og organisere for at måla vert nådd
- Kontrollere og verifisere at arbeidet vert utført som planlagt
- Vurdere og handsame avvik, og foreta nødvendige korrigerande tiltak for å hindre gjentakelser
- Bruke erfaringer systematisk til forbetringar

**Revisjonen omhandla Stord kommune si handtering av følgjande emne:**

Stord kommune si målsetning og internkontrollsystem på miljørada;

- Leiinga sine mål
- Kommunen sin organisering og ansvarsfordeling
- Dokumenterte rutinar/prosedyrar
- Avvikshandsaming
- Erfaringstilbakeføring
- System for oppdatering



### VEDLEGG 3

#### Deltakarar på fylkesmannens revisjon

##### Oversyn over personar frå Stord kommune som var direkte involvert i revisjonen.

---

I tabellen under er det gitt ei oversikt over deltakarane frå Stord kommune under innleiande møte, formøte og sluttmøte, og over personar som vart intervjuet.

Namn	Funksjon	Innleiande møte	Formøte	Intervju	Slutt møte
Atle Bjørn Mæhle	Kommunalsjef		X	X	X
Knut Gramm	Kommunalsjef	X			
Torunn Lote Foseid	HMT-konsulent		X	X	
Roy Sverre Amundsen	Einingsleiar	X			
Odd Magne Agdestein	Einingsleiar	X	X	X	X
Olav Eide	Einingsleiar	X	X	X	X
Olav Bauge	Oppsynsmann			X	
Dag Martin Hagen	Driftsoperatør			X	

Frå fylkesmannen deltok Sissel Storebø og Kjell Kvingedal, med sistnemnde som revisjonsleiar.

**RAPPORT NR.: 9\*/.....**

**Bedrift : .....**

**SKJEMA FOR KLASSIFISERING AV KONTROLLER  
(INSPEKSJONER OG REVISJONER)**

**Til intern bruk. Skal registreres i INKOSYS.**

HOVEDKLASSIFISERING							
Kategori 0: Ingen påviste avvik		Kategori 1: Avvik som følges opp rutinemessig		Kategori 2: Avvik som følges opp særskilt		Kategori 3: Vurderes politianmeldt	

Nr	Klassifisering av funn:	Kat. 1	Kat. 2	Kat. 3	An- merk.	Nr	Klassifisering av funn, forts.:	Kat. 1	Kat. 2	Kat. 3	An- merk.
	<b><u>IK-system:</u></b>					10	Utslippskontroll				
1	Ikke etablert					11	Kjemikaliedokumentasjon				
2	Ufullstendig					12	Deklarering til Produktregisteret				
3	Etterlevelse av interne rutiner					13	Særskilte restriksjoner/forbud fastsatt for helse-/miljøskadelige kjemikalier				
	<b><u>Andre funn:</u></b>					14	Lagring av kjemikalier og spesialavfall				
4	Overutslipp					15	Håndtering av spesialavfall				
5	Utslipp (ikke regulert med krav)					16	Håndtering av annet avfall				
6	Støy					17	Beredskap mot akutt forurensning				
7	Teknisk utstyr					18	Korrigerings av avvik ved forrige kontroll				
8	Drift av renseanlegg/produksjonsutstyr					19	Rapportering til SFT				
9	Vedlikehold av renseanlegg/produksjonsutstyr					20	Annet				